



Kunngjering 2021 Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontoret

Kven kan søkje NAV-kontor
Søknadsfrist 1. februar 2021
Tidsperiode Tilskot blir primært gitt for eitt år frå oppstartsdatoen, men vi kan gi tilskot i inntil tre år til same tiltaket.
Rapportering Frist for statusrapportering og rekneskapsrapportering er 1. februar 2022.

Referanse Kapittel 0621 post 63, Arbeids- og sosialdepartementet
Beløp Det blir gitt inntil 610 000 kroner per 100 prosent stilling (lønn og sosiale utgifter) og inntil 10 000 kroner per tiltak til kompetanse som trengst spesifikt for dette tiltaket (for eksempel design, evaluering, utvikling, fagleg).

Vi ønskjer å prøve ut ulike modellar og verkemiddel for å få meir kunnskap om gode tiltak og korleis dei kan spreiaast. Målet er å få erfaring med desse verkemidla for vidare utvikling av tilskotsordninga. Vi ønskjer blant anna å prøve ut nettverk/ klyngesamarbeid og ekstern prosessevaluering på enkelte tiltak som melder si interesse i søknadsskjemaet.

Formål og målgruppe

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til å utvikle sosiale tenester som er heimla i sosialtenestelova. Det overordna målet er eit heilskapleg og samordna tenestetilbod som er tilpassa behova til brukarane. Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer skal brukarane oppleve auka kvalitet i tenestene og gjennom dette ei betring i levekåra. Tenestene skal utformast slik at brukarane kan få eit høve til å gjere seg nytte av arbeidsevna si, slik at flest mogleg kjem i lønt arbeid og får behalde tilknytninga til arbeidslivet over tid.

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

Følgjande utviklingsområde blir særskilt prioriterte i 2021

- bruk av ordinært arbeidsliv
- oppfølging av barnefamiliar, ungdom og innvandrarar
- sikring av sårbare overgangar, blant anna lauslating etter straffegjennomføring, overgangar mellom ulike tenester, utdanning og arbeidsliv

Tabell: Utvalde sosialtenestetat

	Tal på personar med sosialhjelp 6–12 md. og sosialhjelp som hovudinntekt	Del av befolkninga 18–66 år	18–24-åringar som fekk sosialhjelp minst éin gong i 2018	Del av befolkninga 18–24 år	Tal på barn som budde i hushald med sosialhjelpsmottak 6 til 12 månader i 2018	Del av befolkninga under 18 år	Tal på deltakarar i Kvalifiseringsprogram (KVP) per 31. august 2019	KVP-deltakara r basert på rammefinansiering	Hushald som var innom mellombels butilbod i 2018
Landet (fylke frå 2019)	29 301	0,86 %	26 391	5,6 %	37 275	3,3 %	6 266	68 %	4 282
01 Østfold	2 034	1,1 %	1 642	6,7 %	2 514	4,1 %	348	60 %	289
02 Akershus	2 553	0,6 %	1 863	3,7 %	3 505	2,4 %	544	57 %	411
03 Oslo	5 552	1,2 %	2 261	3,8 %	7 112	5,4 %	1 654	78 %	912
04 Hedmark	1 427	1,2 %	1 175	7,0 %	1 548	4,2 %	186	64 %	63
05 Oppland	756	0,6 %	997	6,0 %	1 234	3,4 %	130	51 %	139
06 Buskerud	1 476	0,8 %	1 233	5,4 %	1 979	3,3 %	217	46 %	228
07 Vestfold	1 938	1,2 %	1 573	7,4 %	1 925	3,8 %	249	56 %	273
08 Telemark	1 585	1,5 %	1 187	7,9 %	1 897	5,5 %	220	70 %	44
09 Aust-Agder	540	0,7 %	787	7,7 %	754	3,0 %	104	55 %	48
10 Vest-Agder	895	0,8 %	1 139	5,9 %	1 170	2,8 %	300	97 %	175
11 Rogaland	2 630	0,9 %	2 662	6,2 %	3 019	2,7 %	596	84 %	500
12 Hordaland	3 003	0,9 %	2 774	5,6 %	3 505	3,1 %	591	73 %	503
14 Sogn og Fjordane	326	0,5 %	486	4,7 %	561	2,4 %	35	30 %	21
15 Møre og Romsdal	799	0,5 %	1 143	4,9 %	1 127	2,0 %	196	63 %	64
50 Trøndelag	2 040	0,7 %	2 621	5,7 %	2 599	2,7 %	521	78 %	278
18 Nordland	838	0,6 %	1 470	6,7 %	1 551	3,2 %	202	63 %	123
19 Troms	445	0,4 %	819	5,0 %	744	2,2 %	133	60 %	154
20 Finnmark	464	0,9 %	559	7,6 %	531	3,5 %	40	37 %	57

Kjelder: SSB og NAV. Sosialhjelp og mellombels butilbod frå SSB (KOSTRA). Kvalifiseringsprogramtala er frå manuell rapportering frå NAV-kontora til Arbeids- og velferdsdirektoratet og grønt hefte t.o.m. 2012.

Fargar: Høgaste og lågaste verdi i kvar kolonne er merkt med raudt og grønt for sosialhjelp – og omvendt for KVP. Fargelegginga er gjord automatisk i Excel for å gjere tabellen enklare å lese. Tabellen er ikkje eit målekort. Høge og låge sosialhjelpstal heng saman med arbeidsmarknad, bukostnader, demografi og andre forhold. Det er berre etter å ha justert for slike lokale variasjonar at vi kan seie noko om det sosialfaglege arbeidet.

Vi oppfordrar NAV-kontora til

- å jobbe ut frå situasjonen til brukaren, slik at brukarar som tek imot tenester, opplever at tenestetilbodet er heilskapleg
- å kartleggje brukarbehova så tidleg som mogleg og leggje desse behova til grunn for konsept og idear for utviklingsarbeidet
- å kartleggje aktuelle brukarreiser og leggje dei til grunn for utviklingsarbeidet
- å leggje samspelet mellom digitale tenester, det fysiske møtet og fagsystemet til grunn, slik at vi får til eit godt samspel av tenester på tvers av kanalar og system
- å ha ei god forankring og ein robust rigg for tiltaket. Difi har laga ei god oversikt over innovasjonsverktøy: <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/innovasjon/hvordan-jobbe-med-innovasjon/verktoy-og-metoder>
- samarbeid mellom bydelar, storbyar og mellom kommunar
- å sjå dette tilskotet i samanheng med andre tilskot som «Tilskot til kommunalt rusarbeid» og «Arbeidsrehabilitering etter modell av Individuell jobbstøtte og/eller Jobbmestrende oppfølging» (Helsedirektoratet)
- å gjere seg kjende med relevante nasjonale satsingar og strategiar, og sjå dei i samanheng med lokale levekårsutfordringar. Eksempel frå satsingar og strategiar:
 - *Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)* – les meir her: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950?q=bolig for velferd](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950?q=bolig+for+velferd)
 - *Alle trenger et trygt hjem (2021-2024)*, strategi for den sosiale boligpolitikken.– les meir her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-strategi-for-sosial-boligpolitikk-alle-trenger-et-trygt-hjem/id2788482/>
 - *Like muligheter i oppveksten*, Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020-2023) – les meir her: https://www.regjeringen.no/contentassets/bb45eed3479549719fb14c78eba35bd4/sstrategi-mot-barnefattigdom_web.pdf
 - *Mestre hele livet. Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017-2022)* – les meir her [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354?q=mestre hele livet](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354?q=mestre+hele+livet)
 - *Opptappingsplanen for rus* – les meir her: www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-15-s-20152016/id2460953/sec1?q=opptappingsplan#match_0
 - *Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff* – les meir her: www.regjeringen.no/no/dokumenter/reduisert-tilbakefall-til-ny-kriminalitet/id2556905/
 - *0-24-samarbeidet* – les meir her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/artikler/0-24-samarbeidet/id2511690/>

formaterte: Norsk (nynorsk)

Feltkode endret

formaterte: Norsk (nynorsk)

- *Inkluderingsdugnaden* – les meir her:
<https://www.regjeringen.no/no/sub/inkluderingsdugnad/id2596993/>

Det blir ikkje gitt tilskot til:

- kommunar som får programfinansiering gjennom 0–24 satsinga, og som søker om tiltak til same målgruppa
- implementering av ferdig utvikla metodar og arbeidsmåtar
- søknader som berre skildrar kapasitetsauke i tenesta

Korleis søker du?

Signer utfylt søknad og send han til fylkesmannen (statsforvaltaren) i fylket ditt. På fylkesmannen.no finn du kontaktinformasjon.